



Arkivnr: 2014/22536-3

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		11.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015
Fylkestinget		08.12.2015

**Fylkesvegane - Plan- og byggeprogram 2016****Samandrag**

Fylkesrådmannen har lagt fram forslag til budsjett for 2016 og økonomiplanen for 2015-2019. Saka vert politisk handsama i fylkestinget den 8. desember 2015. Fylkesrådmannen legg med dette fram forslag til plan- og byggeprogram for 2016 på fylkesvegnettet. Plan- og byggeprogrammet er som tidlegare todelt, med eitt dokument som omhandlar Bergen (Bergensprogrammet) og eitt som omhandlar Hordaland utanom Bergen.

Fylkesrådmannen legg fram forslag om 986 mill. kr. til Bergensprogrammet, med ei fordeling på 643 mill. kr til store prosjekt, og 343 mill. kr til programområda. I forslag til budsjett for 2016 vert om lag 80 % av investeringsmidlane nytta til å tilretteleggje for klima- og miljøvennlig transport. For fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen er det ei totalråde på 1,267 mrd. kr som inkluderer bompengar, andre eksterne midlar og refusjonar. Det fylkeskommunale bidraget (HFK-midlar) er på totalt 786 mill. kr. Av dette er det sett av 333 mill. kr til strekningsvise prosjekt, 93 mill. kr til programområde inkludert planlegging og grunnerhevning, medan ein sum på 144 mill. kr går til tyngre vedlikehaldstiltak med investeringskarakter, kalla standardhevingstiltak. Det vert sett av 131 mill. kr til rassikring.

Forslag til Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet er handsama i Bergen bystyre. Fylkesrådmannen stiller seg bak saksutgreiinga som er lagt fram for Bergen bystyre. Nærare omtale av dei ulike prosjekta finn de i plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet og plan- og byggeprogrammet for Hordaland utanom Bergen.

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2015 for Hordaland utanom Bergen og for Bergensprogrammet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Plan- og byggeprogram 2016 Bergensprogrammet
- 2 Saksdokument Bergen kommune
- 3 Plan- og byggeprogram Hordaland utanom Bergen 2016

**Fylkesrådmannen, 21.10.2015**

#### Bakgrunn

Fylkesrådmannen har lagt fram forslag til budsjett for 2016 og økonomiplanen for 2015-2019. Saka vert politisk handsama i fylkestinget den 8. desember 2015. Fylkesrådmannen legg med dette fram forslag til plan- og byggeprogram for 2016 på fylkesvegnettet. Plan- og byggeprogrammet er som tidlegare todelt med eitt som omhandlar Bergen (Bergensprogrammet) og eitt som omhandlar Hordaland utanom Bergen.

Fylkesrådmannen legg fram forslag om 986 mill. kr. til Bergensprogrammet, med ei fordeling på 643 mill. kr til store prosjekt, og 343 mill. kr til programområda. For fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen er det ei totalråde på 1,267 mrd. kr som inkluderer bompengar, andre eksterne midlar og refusjonar. Det fylkeskommunale bidraget (HFK-midlar) er på totalt 786 mill. kr. Av dette er det sett av 333 mill. kr til strekningsvise prosjekt, 93 mill. kr til programområde inkludert planlegging og grunnerverv, medan ein sum på 144 mill. kr går til tyngre vedlikehaldstiltak med investeringskarakter, kalla standardhevingstiltak. Det vert sett av 131 mill. kr til rassikring.

#### Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet

Bergensprogrammet vert i hovudsak finansiert av fylkeskommunale midlar, bompengar og statleg belønningsmidlar. Bergen kommune har i tillegg eigne midlar til trafikksikringstiltak.

Hovudprioriteringane for Bergensprogrammet er vedteke av Stortinget. Det er med utgangspunkt i desse hovudprioriteringane at fylkeskommunen fastsett prioriteringane i dei årlege budsjetta.

Følgjande dokument ligg til grunn for prioriteringane i plan- og byggeprogrammet:

- Gjeldande stortingsproposisjon om Bergensprogrammet, St.prp. nr. 143 S (2012-2013).
- Prop. 117 S (2014-2015) «Nokre saker om luftfart, veg og jernbane» som opna for prosjektering av Bybanen sitt fjerde byggetrinn.
- Handlingsprogram for Bergensprogrammet 2014-2017, vedteke i bystyret 27.11. 2013 (sak 251-13) og i fylkestinget 10.12.2013.

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune inngjekk i 2015 ein ny fireårig avtale med staten om belønningsmidlar. Avtalen som gjeld for 2015-2018 har ei totalråde på 724 mill. kroner. Dette er ei opptrapning frå førre fireårige avtale, som hadde ei råde på 550 mill. kroner. Auka i råma inneber at dei økonomiske råmene for plan- og byggeprogrammet for 2016 er markert høgare enn tidligare venta.

Det er i 2016 totalt lagt opp til eit investeringsnivå på knapt 1 mrd. kr. for Bergensprogrammet. Desse midlane er fordelt med 630 mill. kr til store prosjekt (Bybanen, Ringveg vest og Hjelhestadvegen) og i tillegg kjem Fleslandveien med totalt 13 mill. kr, som gjev ei totalråde på 643 mill. kr. For programområda er det sett av 343 mill. kr til dei seks ulike programområda, saman med Rv 580 Sandslikryssset.

Tabell 1. Forslag til Plan- og byggeprogram for 2016, Bergensprogrammet (alle tal i 1000 kr):

Store prosjekt	HFK-midlar	Bompengar	Belønningsmidlar	Andre ekstrne midlar	Sum løyving
Bybanen III		350 000			350 000
Bybanen IV		200 000			200 000
Ringveg vest		60 000			60 000
Hjelhestadvegen		20 000			20 000

Fleslandsvegen	2 000			11 000	13 000
<b>SUM Store prosjekt</b>		<b>643 000</b>			<b>643 000</b>

Programområde	HFK-midlar	Bompengar	Belønningsmidlar	Andre eksterne midlar	Sum løyving
Miljø- og sentrumstiltak	35 000		5 000		40 000
Gang- og sykkeltiltak	76 000		37 000		113 000
Trafikksikringstiltak	31 000				31 000
Kollektivtiltak	77 000		40 000		117 000
Planlegging	0		30 000		30 000
Kommunikasjon	3 000				3 000
Rv 580 Sandslikrysset	9 000				9 000
<b>SUM Programområde</b>	<b>231 000</b>		<b>112 000</b>		<b>343 000</b>
<b>SUM Bergensprogrammet</b>					<b>986 000</b>

### Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen

Plan- og byggeprogrammet viser kva som skal planleggjast og byggast i 2016. Midlane vert fordelt innanfor planlegging, strekningsvise prosjekt, rassikring, programområde og standardhevingstiltak. Midlar til bompengepakkane ligg under strekningsvise prosjekt.

Gjennom dei årlege plan- og byggeprogramma vert dei endelege løyvingane til fylkesvegnettet vedteke. Fylkestinget handsamar plan- og byggeprogram for 2016 i desember 2015. Plan- og byggeprogrammet for fylkesvegane utanom Bergen 2016 har ei totalråme på 1,267 mrd. kr som inkluderer bompengar, andre eksterne midlar og refusjonar. Det fylkeskommunale bidraget (HFK-midlar) er på totalt 786 mill. kr. Av dette er det sett av 333 mill. kr til strekningsvise prosjekt, 93 mill. kr til programområde inkludert planlegging og grunnerverv, medan ein sum på 144 mill. kr går til tyngre vedlikehaldstiltak med investeringskarakter, kalla standardhevingstiltak. Det vert sett av 131 mill. kr til rassikring.

I forslag til budsjettvedtak for 2016 har ein har lagt til grunn denne fordelinga mellom dei ulike investeringsområda på investeringsbudsjettet:

Tabell 2. Forslag til Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen 2016 (alle tal i 1000 kr).

Alle tal i 1000 kr	Løyving	Bompengar	Andre eksterne midlar	Budsjett 2016
Strekningsvise prosjekt	333 000	418 000	3 000	754 000
Rassikring	131 000		60 000	191 000
<b>SUM Prosjekt med eige løyving</b>	<b>464 000</b>	<b>418 000</b>	<b>63 000</b>	<b>945 000</b>
Kollektivtiltak	22 000			22 000
Trafikksikringstiltak	25 000			25 000
Gang- og sykkeltiltak	9 000			9 000
Mindre utbetringar	16 000			16 000
Miljøtiltak	2 000			2 000
Planlegging	15 000			15 000
Grunnerverv	4 000			4 000
<b>SUM Programområde</b>	<b>93 000</b>			<b>93 000</b>

<b>Standardhevingstiltak</b>	<b>144 000</b>			<b>144 000</b>
<b>Refusjonar</b>	<b>75 000</b>			<b>75 000</b>
<b>Rebudsjettering</b>	<b>10 000</b>			<b>10 000</b>
<b>SUM Fylkesvegar utanom Bergen</b>	<b>786 000</b>	<b>418 000</b>		<b>1 267 000</b>

Detaljert oversikt og nærmere omtale av dei ulike investeringstiltaka i 2016 går fram av Plan- og byggeprogrammet for fylkesvegane utanom Bergen. Samanlikna med tidlegare år er det gjort nokre endringar i oppsett og omfang. Dette gjeld plandelen i dokumentet som er flytta fram, og tydeleggjort gjennom ein mykje fyldigare omtale når det gjeld bakgrunn og prioriteringar. Dette er eit ledd i arbeidet for å styrka og auka fokuset hjå fylkeskommunen på planleggingsdelen av vegprosjekta. Dette er eit konkret oppfølgingspunkt av det samhandlingsprosjektet som har vore gjennomført mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen det siste året.

I plandelen har også nokre av dei viktigaste prosessane og det større arbeid som er knytt til fylkesvegnettet det kommande året fått ei nærmere omtale. Kort oppsummert gjeld dette arbeidet med:

- Regional transportplan (RTP)
- Strekningsvise utgreiingar
- Val av standard på fylkesvegnettet
- Kommunal planlegging på fylkesvegar
- Rullering av handlingsprogrammet til Kollektivstrategien, og arbeidet med å utvikle knutepunkt
- Trafikksikringsarbeidet i Hordaland med omtale av aktuelle trafikksikringstiltak, og rullering av handlingsplanen
- Rassikring og planreserve
- Pågåande bompengepakkar og pakkar under planlegging
- Rullering av drift og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet

Når det gjeld byggeprogrammet så vert det lagt opp til ei endring vedkommande prosjektering. For å sikre raskare framdrift av mindre tiltak under programområda og standardheving vert det sett fram forslag om at ein i byggeprogrammet set av nokre midlar slik at ein kan starte prosjektering i 2016, men at løyvinga til prosjektet kjem i byggeprogrammet for 2017. På denne måten kan ein sikre større fleksibilitet både i planlegging, prosjektering og gjennomføring av dei ulike tiltaka innanfor programområda. I så tilfelle vert midlane gjort tilgjengeleg ved saldering mot eventuelt mindreforbruk på tiltak på programområda.

I forslaget til 2016-budsjettet vert det også forslått å opprette ein ny budsjettpost kalla «Grunnerverv». Ofte tek det lang til før endeleg oppgjer for grunneverv vert oppgjort. I ein skilde tilfelle kan det ta fleire år etter tiltaket er ferdig før prosessen med oppgjører for sjølv grunnervet vert avslutta. Midlane skal nyttast til dette føremålet. Då kan rekneskapet for sjølv prosjektet avsluttast på eit langt tidlegare tidspunkt. Fylkesutvalet vedtok i møte den 25. august 2010, sak nr 165/10, retningslinjer for innløysing av bustader i framtidige fylkesvegtrasear. Dette er ei ordning der eigalar av bustaden kan krevje innløysing av eigendomen til marknadsverdi etter gitte reglar. Kostnadane som vert ført her er før det er oppretta eige tiltak for prosjektet der bustaden ligg. For 2016 vert det foreslått å budsjettere med i alt 4 mill. kr til ovannemnde tiltak.

#### Fylkesrådmannen sine kommentarar

Totalt skal det nyttast over 2,25 mrd kr til investeringar på fylkesvegnettet i Hordaland i 2016. Dette fordeler seg på 986 mill. kr til Bergensprogrammet, og 1,267 mrd kr til fylkesvegane utanom Bergen.

I Bergen går største delen av midlane til utbygginga av bybanen og dei to store vegprosjekta; Ringveg vest og Hjellestadvegen. Samstundes er det viktig å halde fokus på dei mindre tiltaka, det vil seie tiltak innanfor programområda. Målsetjingane som er sett innanfor kollektiv, sykkel og gange vert å nå ved å oppretthalde og styrke desse områda. Dette inneber at ein må ha eit større fokus på planlegging, og med det trong for meir planleggingsressursar for å kunne gjennomføre tiltaka innan rimeleg tid. I forslag til budsjett for 2016 vert om lag 80 % av investeringsmidlane nyttta til å tilretteleggje for klima- og miljøvennlig transport. Når det

gjeld belønningsmidlar vil fylkesrådmannen komme attende til dei i mellom anna eiga sak om rapportering på bruk av midlane.

Når det gjeld Hordaland utanom Bergen er det naturleg nok også her fokus på dei største og mest omfattande prosjekta slik som bompengepakkane og rassikring. På same tid er det også her viktig å halde fokus på dei mindre tiltaka og standardheving.

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget vedtek plan- og byggeprogrammet for Bergensprogrammet, og plan- og byggeprogrammet for Hordaland utanom Bergen slik dei no ligg føre.